Styringsdialogen mellom departementet og institusjonane består av desse hovudaktivitetane: tildelings- og tilskotsbrev frå departementet, årsrapport frå institusjonane, etatsstyringsmøte/dialog-/kontaktmøte og skriftleg tilbakemelding.

Ein analyse av resultatane i sektoren blir årleg lagt fram i tilstandsrapporten for høgare utdanning.

Årsrapportane, tilstandsrapporten og resultatrapporteringa til Database for høgare utdanning (DBH) utgjer hovudgrunnlaget for den vurderinga departementet gjer av kvar institusjon.

Vurderinga som er basert på utviklingsavtalene og eigenarten til institusjonen, ligg til grunn for styringsdialogen med kvar av dei statlege institusjonane i etatsstyringsmøta og i den årlege, skriftlege tilbakemeldinga. Departementet forventar at institusjonane set i verk tiltak for å følge opp tilbakemeldinga frå departementet.

Departementet vil framleis vurdere innretninga på etatsstyringsmøta på bakgrunn av blant anna erfaringane med møte annakvart år og utviklingsavtalar.

Nasjonalt organ for kvalitet i utdanninga (NOKUT) har ansvar for akkreditering av og tilsyn med kvaliteten i høgare utdanning og fagskuleutdanning. NOKUT har ansvar for å føre kontroll med private høgskular som mottek statstilskot, og med samskipnadane. NOKUT har også ansvar for å føre kontroll med økonomiforvaltninga og arbeid med tryggleik- og beredskap innanfor høgare utdanning og forskning, dvs. universitet og høgskular, Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse (HK-dir), Kunnskapssektorens tenesteleverandør (Sikt), Norsk utanrikspolitisk institutt (NUPI), Noregs forskingsråd og Dei nasjonale forskningsetiske komiteane (FEK).

Stortinget har behandla eit forslag om å endre opplæringslova, universitets- og høgskulelova og fagskulelova. Det inneber at det ikkje lengre er lovfesta at godkjenning av utanlandsk utdanning skal gjerast av NOKUT. Departementet har bestemt at ansvaret for godkjenning av utanlandsk utdanning skal overførast til HK-dir frå januar 2023.

3 Løyvingar til universitet og høgskular over Kunnskapsdepartementets budsjett i 2023

Samla løyving for universitet og høgskular er 42,8 mrd. kroner i 2023, fordelte med 40,6 mrd. kroner til universitet og statlege høgskular på kap. 260, post 50 og 2,2 mrd. kroner til private høgskular på kap. 260, post 70.

3.1 Vesentlege budsjettendringar i 2023 over Kunnskapsdepartementets budsjett kap. 260 Universitet og høgskular

Nedanfor følger ei oversikt over vesentlege budsjettendringar over kap. 260 (post 50 og 70). Nærare oversyn over budsjettendringane for kvar institusjon følger under kap. 3.3.

	<i>(i 1 000 kroner)</i>
Opptopping av studieplassmidlar med opphøveleg tildeling 2019–2022	329 220
Auka resultatbasert utteljing	207 825
Nye studieplassar medisin og nukleære fag	6 067
Inndekning for satsingar	-254 411
Endra reisevanar i staten	-192 925
Innføring av studieavgift for studentar utanfrå EØS/Sveits	-74 429
Auke som følge av prisjustering (3 pst.)	1 243 138

Regjeringa vil at studietilbod skal bli endå meir tilgjengelege for folk i heile landet, og foreslår å auke løyvinga til dei søknadsbaserte ordningane for desentralisert og fleksibel utdanning og studiesenter med 10 mill. kroner til 199,6 mill. kroner. Ordningane blir lyste ut gjennom HK-dir.

3.2 Universitets- og høgskulebygg over budsjettet til Kommunal- og distriktsdepartementet

Nedanfor er ei oversikt over midlar i 2023 til å prosjektere, rehabiliterer og oppføre bygg i universitets- og høgskulesektoren. Beløpa er i 2023-kroner og avrunda til nærmaste 1 000 kroner, jf. Prop. 1 S (2022–2023) for Kommunal- og distriktsdepartementet.

	<i>(i 1 000 kroner)</i>
Vidareføring av byggeprosjektet for livsvitenskapsbygget, UiO (kap. 530, post 33)	1 400 000
Utstyr og inventar til livsvitenskapsbygget, UiO (kap. 530, post 45)	50 000
Vidareføring av Vikingtidsmuseet, UiO (kap. 530, post 33)*	500 000
Utstyr og inventar for Vikingtidsmuseet, UiO (kap. 530, post 45)	25 000
Vidareføring av Blått bygg, Nord universitet (kap. 2445, post 33)**	238 000
Nybygg for helse- og sosialfag, NTNU (kap. 2445, post 34). Brukarfinansiert.	142 200
Prosjektering av ny campus i Trondheim, NTNU (kap. 530, post 30)	72 000
Prosjektering av utstyr og inventar for ny campus i Trondheim, NTNU (kap. 530, post 45)	1 000
Vidareføring av byggeprosjektet Ocean Space Centre, NTNU (kap. 530, post 33). Nærings- og fiskeridepartementet er oppdragsgivar.	600 000

Utstyr og inventar for Ocean Space Centre, NTNU (kap. 530, post 45). Nærings- og fiskeridepartementet er oppdragsgivar.	550 000
---	---------

* Eit arbeid er i gang for å berekne og kvalitetssikre kostnadsramma for eit revidert prosjekt, og regjeringa vil kome tilbake til Stortinget med forslag til ny kostnadsramme, jf. omtale i Prop. 115 S (2021–2022).

** I tillegg kjem ein auke på 20,6 mill. kroner til brukarutstyr til Blått bygg over kap. 260, post 50.

I tillegg kjem brukarfinansierte prosjekt som framleis er under prosjektering, og som kan bli starta opp i løpet av hausten 2022 eller i 2023. Prosjekt i reklamasjonsfase er ikkje med i denne oversikta.

3.3 Tildeling per institusjon (kap. 260)

Kap. 3.3.1 og kap. 3.3.2 gir nærare oversikt over endringar frå 2022 til 2023 i løyvinga for dei enkelte universiteta og statlege høgskulane over kap. 260, post 50 og for dei enkelte private høgskulane over kap. 260, post 70.

Tabellane med endra løyving per institusjon er bygde opp som følger:

- Utgangspunktet er *Saldert budsjett 2022* som er tildeling per institusjon i tildelingsbrev/tilskotsbrev i samband med statsbudsjettet for 2022.
- Kolonnen *Prisjustering* viser prisjusteringa av *Saldert budsjett 2022*. Satsen for prisjustering er 3,0 pst. som for andre 50- og 70-postar i statsbudsjettet for 2023.
- *Studieplassar 2019–2022* viser opptrapping av midlar til studieplassar tildelte i budsjetta frå 2019 til og med 2022. Sjå oversikt over studieplassane under punkt 3.4 Studieplassar.
- *Resultatbasert utteljing* viser endring i resultatbasert utteljing som følge av endring i institusjonane sine resultat på indikatorane med open og lukka budsjettamme. Kap. 4.5 gir oversikt over data som ligg til grunn for beløpa i desse kolonnane.
- *Inndekning satsingar* viser ein reduksjon i løyvinga på totalt 254,4 mill. kroner for å frigjere midlar til nye satsingar og omprioriteringar innanfor høgare utdannings- og forskingssektoren. Inndekninga er fordelt pro rata ut frå *Saldert budsjett 2022*. Ein del av inndekninga er fordelt berre på dei private høgskulane for at den samla reduksjonensaman med kutt, mellom anna for endra reisevanar i 2022 og 2023, er jamt fordelt i sektoren.
- *Endra reisevanar* viser reduksjon som følge av at regjeringa legg til grunn at reiseaktiviteten i staten truleg vil vere varig redusert frå nivået før covid-19-pandemien. Reduksjonen tilsvarar nominelt 13 pst. av reiseutgiftene til kvar institusjon i 2019.
- *Premiemodell pensjon* viser korreksjonar til den tiltenkt budsjettneøytrale endringa i 2022 som følge av omlegginga til ny premiemodell i Statens pensjonskasse. Endringa er summen av to korreksjonar. Den eine er vidareføring av kompensasjonen i revidert budsjett for 2022 for pårekelege reduserte eksterne inntekter som følge av reduserte pensjonskostnader, jf. supplerande tildelingsbrev datert 23. juni 2022. Den andre er ein korreksjon for at endringa i 2022 undervurderte kor mykje lågare kostnadane blei med den nye modellen, ved at anslaga etter den gamle modellen ikkje inkluderte lønsveksten gjennom året.
- *Studieavgift utanfrå EØS* viser ein reduksjon i løyvinga på 74,4 mill. kroner som følge av at universiteta og høgskulane skal krevje minst kostnadsdekkande studieavgift frå studentar utanfrå EØS/Sveits frå og med haustsemesteret 2023. Reduksjonen er basert på eit anslag

på auka inntekter frå studieavgift med utgangspunkt i at talet på internasjonale studentar utanfrå EØS går ned med 70 pst. Reduksjonen er fordelt med utgangspunkt i talet på registrerte studentar med statsborgarskap utanfrå EØS/Sveits. Sjå nærare omtale i Prop. 1 S (2022–2023) for Kunnskapsdepartementet.

- *Andre endringar* viser andre tiltak med verknad for enkelte institusjonar. Sjå forklaringane for den enkelte institusjonen nedanfor tabellen.
- *Rammeløyving 2023* er tildelinga per institusjon, og tilsvarar summen av *Saldert budsjett 2022* og endringane.

3.3.1 Universitet og statlege høgskular (kap. 260, post 50)

Oversikt over budsjettendringar per institusjon frå 2022 til 2023 i 1 000 kroner.

	Saldert budsjett 2022	Prisjustering	Studie-plassar 2019–2022	Resultat-basert utteljing	Inndekning satsingar	Endra reisevanar	Premie-modell pensjon	Studieavgift utanfrå EØS	Andre endringar	Rammeløyving 2023
NU	1 592 596	47 778	13 337	-2 081	-8 904	-9 401	-2 282	-2 300	82 400	1 711 143
NMBU	1 461 202	43 836	15 983	27 588	-8 170	-6 263	1 198	-2 932	984	1 533 426
NTNU	7 332 023	219 961	33 418	61 286	-40 993	-48 635	1 848	-11 913		7 546 995
OM	2 785 391	83 562	21 605	15 622	-15 573	-6 814	-1 995	-4 203		2 877 595
UiA	1 638 108	49 143	18 601	24 046	-9 159	-9 151	-944	-2 507		1 708 137
UiB	3 967 520	119 026	24 417	25 630	-22 182	-20 857	1 180	-6 559		4 088 175
UiO	6 049 116	181 473	23 187	-68 975	-33 820	-28 654	5 490	-12 799	984	6 116 002
UiS	1 847 940	55 438	16 731	-2 308	-10 332	-7 610	563	-7 545	-233	1 892 644
USN	2 107 810	63 234	23 425	-4 825	-11 785	-6 746	-1 726	-4 596		2 164 791
UiT	3 647 822	109 435	29 617	50 976	-20 395	-21 771	-214	-5 216	16 279	3 806 533
AHO	226 762	6 803	3 486	6 483	-1 268	-1 017	-296	-419		240 534
HiM	311 986	9 360	14 222	6 760	-1 744	-1 259	-389	-695	-13	338 228
NHH	580 794	17 424	4 182	22 965	-3 247	-2 261	498	-1 591		618 764
NIH	237 771	7 133	-985	4 385	-1 329	-791	57		10 000	256 241
NMH	315 287	9 459	-295	-5 237	-1 763	-1 080	-397	-427	-1 382	314 165
HiNN	1 356 228	40 687	13 342	-27 613	-7 583	-5 071	892	-1 500		1 369 382
HVL	2 222 426	66 673	13 682	9 077	-12 425	-10 356	-2 924	-1 453		2 284 700
HVO	416 965	12 509	5 168	6 035	-2 331	-1 768	-561	-455	-453	435 109
HiØ	781 731	23 452	14 565	-2 241	-4 371	-1 912	-694	-1 119	-30	809 381
KHiO	382 427	11 473	98	-2 620	-2 138	-537	-373	-348	-539	387 443
SA	99 343	2 980	492	-429	-555	-971	91	-50		100 901

Forklaringar på andre endringar for universitet og statlege høgskular

Nord universitet

Auke på 61,8 mill. kroner til studietilbod på Nesna overført frå kap. 272, post 52, jf. Innst. 450 S (2021–2022) og Prop. 115 S (2021–2022).

Auke på 20,6 mill. kroner til brukarutstyr til Blått bygg.

Noregs miljø- og biovitenskaplege universitet

Auke på 984 000 kroner til 20 nye studieplassar i nukleære fag.

Universitetet i Oslo

Auke på 984 000 kroner til 20 nye studieplassar i nukleære fag.

Universitetet i Stavanger

Reduksjon på 146 000 kroner i samband med gevinstrealisering for prosjekt med støtte frå medfinansieringsordninga i Digitaliseringsdirektoratet.

Reduksjon på 87 000 kroner som følge av inngått avtale med Direktoratet for forvaltning og økonomistyring.

Universitetet i Tromsø – Noregs arktiske universitet

Auke på 4,1 mill. kroner til 30 nye studieplassar i medisin.

Auke til heilårseffekten på 12,2 mill. kroner i samband med overtaking av Nordland kunst- og filmhøgskule.

Høgskolen i Molde

Reduksjon på 13 000 kroner som følge av inngått avtale med Direktoratet for forvaltning og økonomistyring.

Noregs idrettshøgskole

Auke på 10 mill. kroner for å styrke rammeløyvinga.

Noregs musikkhøgskole

Reduksjon på 1,4 mill. kroner som følge av endringar i samarbeidsmodellen mellom Barratt Due musikk institutt og Noregs musikkhøgskole.

Høgskulen i Volda

Reduksjon på 453 000 kroner som følge av inngått avtale med Direktoratet for forvaltning og økonomistyring.

Høgskolen i Østfold

Reduksjon på 30 000 kroner som følge av inngått avtale med Direktoratet for forvaltning og økonomistyring.

Kunsthøgskolen i Oslo

Reduksjon på 539 000 kroner som følge av inngått avtale med Direktoratet for forvaltning og økonomistyring.

3.3.2 Private høgskular (kap. 260, post 70)

Oversikt over budsjettendringar per institusjon frå 2022 til 2023 i 1 000 kroner.

	Saldert budsjett 2022	Prisjustering	Studieplassar 2019-2022	Resultatbasert utteljing	Inndekning satsingar	Studieavgift utanfrå EØS	Andre endringar	Rammeløyving 2023
BI	422 734	12 682	7 135	18 098	-6 991	-1 981		451 677
MF	120 203	3 606	3 494	-2 830	-1 988	-1 184		121 301
VID	470 482	14 114	11 466	8 423	-7 781	-806		495 898
ATH	32 150	965		-131	-532			32 452
BD	29 802	894			-493	-23	1 382	31 562
BAS	21 368	641		1 144	-353	-85		22 715
DMMH	148 956	4 469	492	5 388	-2 463	-34		156 808
FIH	16 883	507		238	-279	-528		16 821
HFDK	2 148	64			-36			2 176
HGUt	2 932	88		188	-48			3 160
HLT	19 439	583		-584	-321	-661		18 456
HK	325 001	9 750	7 628	36 402	-5 375	-50		373 356
LDH	137 831	4 135	3 099	-348	-2 280	-63		142 374
NLA	305 935	9 178	7 628	-2 285	-5 060	-279		315 117
STH	20 783	623		-402	-344	-108	-2 952	17 600

Forklaringar på andre endringar for private høgskular

Barratt Due musikk institutt

Auke på 1,4 mill. kroner som følge av endringar i samarbeidsmodellen mellom Barratt Due musikk institutt og Noregs musikkhøgskole.

Steinerhøyskolen

Steinerhøyskolen hadde i 2022 inkludert i rammetilskotet 3,8 mill. kroner for 40 studieplassar i det femte året av grunnskulelærerutdanninga. Steinerhøyskolen vil uteksaminere 20 kandidatar først frå og med 2024. Tilskotet er redusert med 3 mill. kroner i 2023. Gjenverande tilskot utgjer halvårseffekten av 20 studieplassar på det femte året og som blir trappa opp til heilårseffekt i 2024.

3.4 Studieplassar

3.4.1 Nye studieplassar

Stortinget har løyvd midlar til:

- 30 studieplassar i medisin ved UiT. Studieplassane er seksårige plassar i kategori A.
- 40 studieplassar i nukleære fag, 20 kvar til UiO og NMBU. Studieplassane er femårige plassar i kategori D.

3.4.2 Studieplasstildelingar som følge av krigen i Ukraina

I 2022 løyvde Stortinget midlar tilsvarande 1 000 studieplassar retta mot studentar som følge av krigen i Ukraina. Løyvinga er berekna som fireårige plassar i kategori D, ho er mellombels og skal fasast ut med normal studieprogresjon eller dersom plassane ikkje blir brukte, jf. Innst. 270 S (2021–2022) og Prop. 78 S (2021–2022).

I statsbudsjettet for 2023 er det vedteke å redusere løyvinga i 2023 frå 1 000 til 500 plassar. Det inneber at det for 2023 ligg inne ein heilårseffekt av 500 plassar berekna i kategori D. Kunnskapsdepartementet vil i samband med Revidert nasjonalbudsjett 2023 vurdere å justere løyvinga opp igjen inntil 1 000 plassar dersom talet på studentar blir høgare, og justere ned løyvinga dersom studieplassane ikkje blir brukte. Kunnskapsdepartementet vil vurdere omfordeling mellom institusjonane i 2023 basert på rapporteringa frå 15. november 2022, og eventuell omfordeling vil bli handtert gjennom eventuell justering av utbetalinga for tredje kvartal 2023.

3.4.3 Studieplassar i samband med Utdanningsløftet 2020

I 2020 løyvde Stortinget midlar tilsvarande 4 000 fleire studieplassar i høgare utdanning i samband med den høge arbeidsløysa under covid-19-pandemien (Utdanningsløftet). I budsjettforslaget for 2020 la regjeringa då til grunn at den samla kapasiteten i høgare utdanning skulle normaliserast i takt med konjunkturane. Løyvingane blei trappa opp i 2021 og 2022 for å vidareføre opptaket for desse plassane, unntatt for 300 studieplassar i juridiske og økonomisk-administrative fag som ikkje blei vidareførte i 2022. I statsbudsjettet for 2023 er det vedteke å ikkje trappe opp løyvingane for opptak av nye kull i 2023. Institusjonane får midlar til at kulla som blei tekne opp i 2020–2022 får gå ferdig studieløpa sine. Unntaket er at 80 studieplassar i medisin blir førte vidare med opptrapping, jf. tabellen *Vidare oppbygging som følge av studieplasstildelingar i perioden 2019 til og med Prop. 51 S (2021–2022)*.

Kunnskapsdepartementet understrekar at utfasing av midlar til studieplassar frå Utdanningsløftet ikkje nødvendigvis inneber å redusere aktiviteten ved dei utdanningane som fekk utvida kapasiteten gjennom desse tildelingane for 2020–22. Departementet legg til grunn at institusjonane opprettheld kapasitet i utdanningar med vedvarande høg etterspurnad i arbeidsmarkedet, og særleg at dei blir oppretthaldne i utdanningar innanfor helse- og sosialfag og teknologifag.

Følgande studieplassar blir trappa opp med heilårseffekt i 2023, slik at plassane er finansierte for tre kull:

- 4-årige studieplassar i sjukepleiarutdanning, andre helse- og sosialfagsutdanningar, barnehagelærarutdanning, andre lærarutdanningar og pedagogikk, juridiske og økonomisk-administrative fag, og MNT og teknologi

- 5-årig utdanning i musikkterapi, 5-årig utdanning i arkitektur eller design, studieplassar i farmasi profesjon, grunnskulelærer- og lektorutdanning, by- og regionplanlegging,
- 5,5-årige studieplassar i veterinærmedisin
- 6-årige studieplassar i profesjonsutdanning i psykologi

Studieplassar tildelte til korte utdanningar blir fasa ut med ein halvårseffekt. Det gjeld følgande:

- 1-årige studieplassar i PPU/PPU-Y
- 2-årige utdanningar i film, kunst eller design, 2-årige vidareutdanningar i sjukepleie, 2-årig utdanning i musikkterapi, 2-årig utdanning i biomedisin, 2-årig utdanning i klinisk ernæring og 2-årig utdanning i fysisk planlegging

3.4.4 Kapasitet og opptak i sjukepleiarutdanningane

I 2022 fekk aktuelle institusjonar med sjukepleiarutdanning auka tildeling for å auke kapasiteten i sjukepleiarutdanning og vidareutdanningar i sjukepleie med til saman 300 plassar. Vidare blei dei innanfor uendra rammeløyving bedne om å auke opptaket i sjukeleiarutdanningane med til saman 200 plassar.

Tabellen nedanfor viser den forventa auka kapasiteten for 2020 og 2022 for sjukepleiarutdanningane (både grunn- og vidareutdanningar). Den viser utviklinga i opptakstala i perioden 2018-2022 summert frå alle utdanningar i sjukepleiarfag, jf. tabellen over opptakstal i DBH med data institusjonane har rapportert inn per 15. oktober. Tala er rekna om til løyvingsfinansierte heiltidsekvivalentar.

	Forventa auke i plassar			Opptakstal, løyvingsfinansierte heiltidsekvivalentar					
	2020	2022	Sum	Endring frå året før					Sum endring
	2020	2022	Sum	2018	2019	2020	2021	2022	2018-2022
HiM	20	62	82	122	28	34	-29	9	42
HINN	15	14	29	298	24	9	4	-17	19
HiØ	0	53	53	296	-14	-53	75	62	71
HVL	35	44	79	804	135	-92	96	-47	91
LDH	45	10	55	347	14	38	6	-19	39
NTNU	70	29	99	842	-43	89	19	123	188
NU	27	35	62	550	-75	66	-38	-81	-128
OM	33	30	63	1073	-171	206	-124	-163	-252
UiA	0	79	79	345	-41	73	-27	41	45
UiS	55	40	95	412	35	34	-42	119	145
UiT	10	15	25	414	-30	4	21	-52	-57
USN	65	57	122	600	5	-11	11	77	80
VID	75	32	107	640	31	85	-24	-6	86

For dei fleste av institusjonane er ikkje opptaket auka i tråd med forventningane, og for fleire er avviket så stort at det synest svært tvilsamt om opptaket gir grunnlag for å møte forventningane til auka produksjon av studiepoeng og kandidatar. Departementet er kjent med at faktorar som tilsettingsprosessar, tilgang på praksisplassar, implementering av nasjonal retningslinje for sjukepleiarutdanning frå 2020 og oppmøte frå studentane kan påverke opptaket. Sjølv med omsyn til dette er det avgjerande at institusjonane innfrir

resultatforventningane og føresetnadane for løyvingå frå Stortinget. Departementet understrekar at det vil bli aktuelt å flytte midlar mellom institusjonar dersom opptaket og produksjonen i 2023 ikkje speglar forventningane om utvida kapasitet i sjukepleiarutdanningane. Departementet vil gi HK-dir i oppdrag å gå gjennom utviklinga i opptak, gjennomføring og kandidatproduksjon for sjukepleiar- og spesialsjukepleiarutdanningane.

3.4.5 Vidareføring og opptrapping av tildelte studieplassar frå tidlegare år

Tabellen nedanfor viser auken i 2023 i talet på studieplassar for fleirårige utdanningar, tildelte i samband med statsbudsjetta frå og med 2019 til og med Prop. 51 S (2021– 2022), som ikkje er ferdig oppbygde med alle studentkulla. Det kom ikkje midlar til nye studieplassar i 2021.

Tildelte studieplassar som er ferdig oppbygde i 2022, men som inneber auka løyving også for første halvår i 2023, er ikkje med i tabellane. Denne løyvinga inngår i kolonnen *Studieplassar 2019-2020* i tabellane i kap. 3.3.1 og kap. 3.3.2. Det gjeld studieplassar ifm. Revidert nasjonalbudsjett 2019 til:

- 4-årig utdanning i berekraftsøkonomi
- 4-årige strategiske studieplassar i kategori D
- 4-årig utdanning i teiknspråk
- 4-årige utdanningar i ABIOK-sjukepleie
- 4-årige utdanningar i IKT

Budsjett 2023

Vidare oppbygging som følge av studieplasstildelingar i perioden 2019 til og med Prop. 51 S (2021-2022)

Institusjon	2019		2020		RNB 2020	2022		Prop. 51 S (2021-2022)
	Barnevern, kat. D, 5 år	Strategiske studieplassar, kat. D 5 år	Strategiske studieplassar helse, kat. D 4 år	Teknologi/ grønt/blått skifte, kat. D 4 år	Medisin, kat. A, 6 år	Medisin, kat. A 6 år	Barnevern, kat. D, 2 år	Sjukepleiar, kat. D 4 år
NU			10	10				25
NMBU				10				
NTNU				10	20		10	4
OM							60	
UiA	35			10				59
UiB				10	20		25	
UiO					20			
UiS			15				25	20
USN			10				40	37
UiT				10	20	15	10	
AHO								
HiM			10					52
NHH								
NMH								
HINN			20				20	4
HVL			10				20	14
HVO							20	
HiØ				10			30	43
KHiO								
MF		30						
VID							40	32
HK								
LDH								10
NLA		50						
Sum	35	80	75	70	80	15	300	300

4 Finansieringssystemet for universitet og høgskular

4.1 Rammefinansiering

Den samla budsjetttramma til universitet og høgskular blir løyvd over kap. 260, post 50 for universitet og statlege høgskular og post 70 for private høgskular.

Rammefinansieringa inneber at institusjonane skal sjå heile rammeløyvinga under eitt, og gir institusjonane eit strategisk handlingsrom ved at dei sjølve kan prioritere aktivitetar og område dei vil satse på for å nå sektor- og verksemdsmåla.

Rammeløyvinga inkluderer ein del som er utsett for regelstyrt resultatbasert utteljing. Denne resultatbaserte utteljinga avheng av resultatata på dei følgjande åtte kvantitative indikatorane:

- Tal på studiepoeng (open ramme)
- Tal på utvekslingsstudentar, inkludert Erasmus+-studentar (open ramme)
- Tal på ferdigutdanna kandidatar (open ramme)
- Tal på doktorgradskandidatar (open ramme)
- Midlar frå EU (lukka ramme)
- Midlar frå Noregs forskingsråd og regionale forskingsfond (lukka ramme)
- Inntekter frå bidrags- og oppdragsfinansiert aktivitet (BOA) (lukka ramme)
- Vitskapleg publisering (publiseringspoeng) (lukka ramme)

Den regelstyrte resultatbaserte utteljinga i budsjettet for 2023 avheng av endringa i resultatata på dei åtte indikatorane mellom 2020 og 2021. For indikatorar med open budsjetttramme blir resultatendringa multiplisert med satsen for indikatoren. Det vil seie at institusjonane får meir midlar dersom dei har ein auke i resultatata på desse indikatorane. Tilsvarende får institusjonane redusert utteljing dersom dei har ein nedgang.

For indikatorar med lukka ramme avheng utteljinga av endringa i institusjonen sin del av det samla resultatet i sektoren. Endringa i delen blir multiplisert med ramma til indikatoren. Det betyr at ein institusjon får meir/mindre midlar dersom han aukar/reduserer sin del av høvesvis total vitskapleg publisering, EU-midlar, Forskingsråd-midlar og BOA-inntekter samanlikna med dei andre institusjonane.

4.1.1 Deltaking på indikatorar i den regelstyrte resultatbaserte utteljinga

Følgjande institusjonar deltek på samtlege indikatorar i finansieringssystemet:

- Universiteta
- Statlege høgskular med unntak av Kunsthøgskolen i Oslo, Noregs musikkhøgskole og Arkitektur- og designhøgskolen
- Høyskolen Kristiania, Handelshøyskolen BI, MF vitskapleg høgskole og VID vitskapleg høgskole

To grupper av institusjonar har delvis unntak frå indikatorane i den resultatbaserte utteljinga:

- Statlege og private høgskular med kunstfagleg profil
- Private høgskular, utanom dei private vitskaplege høgskulane og Høyskolen Kristiania

Tabellen nedanfor gir ei oversikt over dei indikatorane dei deltek på:

Deltaking på dei åtte indikatorane i den regelstyrte resultatbaserte utteljinga

Institusjon	Studiepoeng	Kandidatar	Utveksling	Doktorgradskandidatar	EU	Forskringsrådet	Publisering	BOA
Barrat Due musikk institutt								
Høgskolen for dansekunst								
Kunsthøgskolen i Oslo				x				
Bergen Arkitekthøgskole	x	x	x					
Noregs musikkhøgskole	x	x	x	x				
Arkitektur- og designhøgskolen i Oslo	x	x	x	x				
Ansgar høyskole	x	x	x	x			x	
Dronning Mauds Minne, Høgskole for barnehagelærerutdanning	x	x	x	x			x	
Fjellhaug Internasjonale Høgskole	x	x	x	x			x	
Høgskulen for grøn utvikling	x	x	x	x			x	
Høgskolen for ledelse og teologi	x	x	x	x			x	
Lovisenberg diakonale høgskole	x	x	x	x			x	
NLA Høgskolen	x	x	x	x			x	
Steinerhøgskolen	x	x	x	x			x	

x = deltaking

4.2 Endring i regelstyrt resultatutteljing i 2023

Resultatbasert finansiering aukar med 207,8 mill. kroner i 2023. Tabellen nedanfor viser endringa i resultatbasert finansiering samanlikna med statsbudsjettet i 2022, fordelt på indikator.

Som følge av overrapporterte BOA-inntekter frå NHH for 2021 er fordelinga av resultatbasert utteljing på denne indikatoren justert samanlikna med førebels tildelingsbrev for alle institusjonane med utteljing på indikatoren.

Budsjettendring i statsbudsjettet for 2023 til kvar enkelt institusjon for dei regelstyrte resultatbaserte indikatorene i 1 000 kroner

Inst.	Studiepoeng	Kandidatar	Utvekslings- studentar (inkl. Erasmus+)	Doktor- gradar	Sum endring open ramme	Publiserings- poeng	Midlar frå EU	Inntekter frå NFR og regionale forsknings- fond	BOA- inntekter	Sum endring lukka ramme
NU	-1 355	-5 820	-574	3 929	-3 820	1 203	-431	197	770	1 730
NMBU	17 383	1 008	56	8 732	27 179	-849	4 234	-2 369	-607	389
NTNU	34 444	13 137	1 145	2 445	51 171	4 961	11 176	8 819	-14 841	10 031
OM	11 117	-250	1 152	7 248	19 267	282	-4 765	269	569	-3 673
UiA	28 161	-3 960	2 030	-3 580	22 651	3 102	-2 178	581	-110	1 381
UiB	43 975	8 588	835	1 746	55 144	-2 985	-17 460	-7 956	-1 113	-29 551
UiO	-20 462	-6 654	1 300	-30 038	-55 854	-3 811	-9 908	-3 637	4 235	-13 197
UiS	-3 717	490	3 025	-9 693	-9 895	-553	4 596	2 020	1 524	7 568
USN	2 367	-3 821	2 540	-1 135	-49	-312	-5 365	622	279	-4 793
UiT	24 120	1 165	956	6 025	32 266	-900	15 225	543	3 842	18 666
AHO	3 606	2 009	431	437	6 483					
HiM	11 635	-1 801	-204	-1 746	7 884	-120	-1 105	15	86	-1 125
NHH	14 376	4 303	253	1 659	20 591	-569	2 096	678	169	2 794
NIH	4 800	2 006	192	-262	6 736	-641	-2 270	-114	674	-2 354
NMH	-3 745	-129	-53	-1 310	-5 237					
HINN	-21 191	-8 379	-1 024	-1 659	-32 253	511	1 770	-272	2 631	4 620
HVL	21 520	-12 425	1 002	699	10 796	842	-1 790	521	-1 292	-1 736
HVO	6 848	-52	704	611	8 111	-1 937	-30	-14	-95	-2 080

Finansieringssystem

Inst.	Studiepoeng	Kandidatar	Utvekslings- studentar (inkl. Erasmus+)	Doktor- gradar	Sum endring open ramme	Publiserings- poeng	Midlar frå EU	Inntekter frå NFR og regionale forsknings- fond	BOA- inntekter	Sum endring lukka ramme
HiØ	-4 350	-1 349	-256	-175	-6 130	1 530	1 625	127	607	3 889
KHiO				-2 620	-2 620					
SA	-710	-571	82		-1 199	-80	200	-21	671	770
BI	14 965	-217	1 411	1 572	17 731	351	863	4	-851	367
MF	-4 597	184	-198		-4 611	521	1 052	127	81	1 781
VID	9 614	-1 406	-17	-786	7 405	-490	410	-80	1 178	1 018
ATH	-442	405		-87	-124	-7				-7
BAS	67	1 260	-183		1 144					
DMMH	5 634	-403	220		5 451	-63				-63
FIH	412	-101		87	398	-160				-160
HGUt	57	116			173	15				15
HLT	-867	260			-607	23				23
HK	26 134	6 291	104	-87	32 442	372	2 055	-60	1 593	3 960
LDH	2 498	-3 102	-117	175	-546	198				198
NLA	318	-2 377	29	87	-1 943	-342				-342
STH	-404	94			-310	-92				92
Sum	222 211	-11 501	14 841	-17 726	207 825					

4.3 Dataspesifikasjonar

4.3.1 Dataspesifikasjon for indikatorar med open budsjettramme

Tabellen nedanfor gir ein definisjon av kva som inngår i indikatorane som har open budsjettramme. Sjå også dei gjeldande rapporteringskrava frå Kunnskapsdepartementet på nettsidene til DBH.

Dataspesifikasjon

Studiepoeng	<p><u>Indikatoren omfattar:</u> Eksamensdata for eigenfinansierte studentar rekna om til 60-studiepoengseiningar og berre nye studiepoeng frå personar med studierett ved institusjonen.</p> <p><u>Indikatoren omfattar ikkje:</u></p> <ul style="list-style-type: none"> - studiepoeng ved gjentak og studiepoeng som privatistar tek - studiepoeng som doktorgradsstipendiatar tek - studiepoeng som utvekslingsstudentar frå institusjonen tek ved ein annan lærestad i utlandet <p><u>Ekstern- eller fullfinansiering:</u> Statlege institusjonar med ekstern finansiering av studieprogram skal stadfeste kor stor prosent som er finansiert over Kunnskapsdepartementet si rammeløyving til institusjonen. Statlege og private institusjonar vil ikkje få resultatbasert utteljing for studiepoeng tekne i studieprogram som får fullfinansiering etter eigne avtalar eller vedtak. Ved anbodskonkurransar kan institusjonen ikkje legge til grunn i tilbodet til moglege oppdragsgivarar at det aktuelle studietilbodet vil få resultatbasert utteljing for studiepoeng.</p>
Kandidatar	<p>Gjeld personar som har gjennomført ei forskriftsfesta gradsgivande utdanning, jf. <i>Forskrift om grader og beskyttede titler</i>, og einskilde utvalde vidareutdanningar.</p> <p><u>Indikatoren omfattar:</u></p> <ul style="list-style-type: none"> - høgskulekandidatar og kandidatar med praktisk-pedagogisk utdanning (PPU) - vidareutdanning i sjukepleie (jordmor, helsesykepleier, anesthesi-, barne-, intensiv-, operasjons- og kreftsjukepleie) - grunnskulelærerutdanning (trinn 1–7 og trinn 5–10), faglærerutdanning - bachelorgradar, forskriftsfesta mastergradar og kandidata/candidatus medicinae, kandidata/candidatus medicinae veterinariae, kandidata/candidatus psychologiae, kandidata/candidatus theologiae <p>For fellesgradar skal kandidatar rapporterast av ein institusjon etter avtale med dei andre samarbeidsinstitusjonane.</p>

Finansieringssystem

<p>Doktorgradskandidatar, samarbeid om doktorgradsutdanning og kandidatar frå Program for kunstnarleg utviklingsarbeid</p>	<p>Omfattar stipendiatar som har fullført og disputert ved ein norsk institusjon. Telletidspunktet for rapporteringa er det kalenderåret disputasen blir gjennomført. Institusjonar som har tilsette (stipendiatar eller andre fagleg tilsette) som disputerer ved ein annan norsk institusjon, får 20 pst. utteljing av den ordinære doktorgradsutteljinga.</p> <p>Dersom vedkomande har vore tilsett ved fleire institusjonar i løpet av doktorgradsperioden, får gradsgivande institusjon full utteljing, medan den ikkje-gradsgivande institusjonen der vedkomande har vore lengst tilsett i perioden, får 20 pst. utteljing.</p> <p>Kandidatar frå Program for kunstnarleg utviklingsarbeid gir utteljing på lik linje med doktorgradar.</p>
<p>Utvexlingsstudentar</p>	<p><u>Indikatoren omfattar:</u></p> <ul style="list-style-type: none"> - inn- og utreisande utvekslingsstudentar med ein utvekslingsavtale eller eit utvekslingsprogram som varer minst tre månader eller 90 dagar - studentar under kvoteprogrammet og utvekslingsstudentar på varige formaliserte utvekslingsavtalar av typen praksisprogram <p><u>Indikatoren omfattar ikkje:</u></p> <ul style="list-style-type: none"> - studentar med individbaserte utvekslingsavtalar eller stipendiatar eller andre doktorgradskandidatar - utreisande studentar på Erasmus+-programmet, som har ein annan sats
<p>Utreisande studentar på Erasmus+- programmet</p>	<p>Omfattar alle utreisande utvekslingsstudentar på Erasmus+-program som varer minst tre månader eller 90 dagar. Omfattar også praksis og individbaserte utvekslingsavtalar.</p>

Oversikta nedanfor viser ulike utdanningar fordelte på kategoriar. Kategoriane er grunnlag for berekning av utteljing på indikatorane for studiepoeng og kandidatar.

Finansieringssystem

Utdanningar fordelte på kategoriar

Kategori	Utdanning
Kategori A	<ul style="list-style-type: none"> • Profesjonsutdanningane i medisin og odontologi • Veterinærutdanning • Kunstakademiet ved NTNU • Film- og fjernsynsutdanning ved Den norske filmskolen og Avdeling for TV-fag ved HINN og scenografi og skodespel ved HiØ • Luftfartsfag ved UiT
Kategori B	<ul style="list-style-type: none"> • Femårige masterprogram i arkitektur og industridesign • Produktdesign • Animasjon • Utøvande kunst- og musikkutdanningar • Profesjonsutdanningane i psykologi og farmasi • Ortopediingeniør
Kategori C	<ul style="list-style-type: none"> • Realfag, teknologi, fiskerifag og kunst på høgare grads nivå • Faglæruddanning i musikk, dans og drama
Kategori D	<p>Fag på høgare grads nivå:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Humanistiske, samfunns- og idrettsvitskaplege fag (inkl. profesjonsstudium i teologi) • Femårige masterprogram i teknologi • Økonomi og administrasjon • Femårig integrert lærarutdanning <p>Fag på lågare og høgare grads nivå:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Grunnutdanning i fysioterapi, mensendieck, bioingeniør, ergoterapi, radiografi, audiografi, døvetolk, reseptar, tannteknikk, tannpleie, jordmor, stråleterapi, ABIOK-utdanningar (vidareutdanning i anestesi-, barne-, intensiv-, operasjons- og kreftsjukepleie) • Fotojournalist, visuell kommunikasjon, tekniske mediefag (film og fjernsynsproduksjon) • Faglæruddanning i design, kunst- og handverk, årsstudium i praktisk-pedagogisk utdanning
Kategori E	<ul style="list-style-type: none"> • Profesjonsstudiet i juss • Vidareutdanning i helsesjukepleie, psykisk helse og teiknspråk • Fag på lågare grads nivå: <ul style="list-style-type: none"> ○ Sjukepleiar-, vernepleiar-, barnevernspedagog ○ Barnehagelærar-, yrkesfaglærar, og faglæruddanning i kroppsøving og idrettsfag ○ Landbruksfag, skogfag, dyrepleiarutdanning, husdyrfag og fiskerifag ○ Teknologisk og maritim utdanning, realfag og ingeniøruddanning ○ Journalist, idrettsfag, friluftsfag, kunstfag
Kategori F	<p>Fag på lågare grads nivå:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Humanistiske og samfunnsvitskaplege fag • Økonomi og administrasjon • Sosionomutdanning • Reiseliv

4.3.2 Dataspesifikasjon for indikatorar med lukka budsjettertramme

Tabellen gir ein definisjon av kva som inngår i indikatorane med lukka budsjettertrammer. Sjå også gjeldande rapporteringskrav som er tilgjengelege på DBH-nettsidene.

Dataspesifikasjon

Midlar frå EU	<p>Omfattar alle midlane institusjonane blir tildelte frå Europakommisjonen. Dette gjeld alle program så lenge midlane kjem frå Europakommisjonen.</p> <p>Omfattar også midlar fordelte gjennom dei nasjonale kontora for Erasmus+-programmet. Omfattar berre midlar mottekne som offisielle partnerar i EU-prosjekt (også midlar fordelte mellom partnerane), og ikkje midlar mottekne som underleverandør til prosjektpartnerar. Midlar som blir overførte til samarbeidspartnerar, gir utteljing berre for partneren.</p> <p>Sjå note 32 referanse N32.3 i årsrekneskapen for statlege institusjonar og referanse N32.10 i årsrekneskapen for private institusjonar.</p>
Midlar frå Noregs forskingsråd og midlar frå regionale forskingsfond	<p>Midlar frå Noregs forskingsråd og regionale forskingsfond gir utteljing.</p> <p>Sjå note 32 referanse N32.2 i årsrekneskapen for statlege institusjonar og referanse N32.20 i årsrekneskapen for private institusjonar.</p> <p>Midlar som blir overførte til samarbeidspartnerar gir utteljing berre for partneren.</p>
Inntekter frå bidrags- og oppdragsfinansiert aktivitet	<p>Omfattar inntekter frå bidrags- og oppdragsfinansiert aktivitet utanom inntekter frå Europakommisjonen, Noregs forskingsråd og regionale forskingsfond. Inntektene skal klassifiserast etter reglane som er fastsette i <i>Reglement for statlige universiteter og høyskolars forpliktende samarbeid og erverv av aksjer</i>, jf. rundskriv F-07/2013 med vedlegg frå Kunnskapsdepartementet.³ Sjå note 32 referanse N32.1 i årsrekneskapen for statlege institusjonar og referanse N32.30 i årsrekneskapen for private institusjonar.</p>
Publiseringspoeng	<p>Institusjonane skal rapportere data om vitenskaplege monografiar, vitenskaplege artiklar i antologiar og vitenskaplege artiklar i tidsskrift og seriar. Dei enkelte publikasjonane må tilfredsstillere definisjonen på vitenskapleg publisering frå Universitets- og høyskolerådet, og publikasjonskanalane må vere godkjente. Sjå også rapporteringskrav for vitenskapleg publisering på nettsidene til CRISTin, http://www.cristin.no/.</p>

³ Følgande definisjonar gjeld for bidrags- og oppdragsfinansiert aktivitet, jf. avsnitt C i reglementet: *Med bidragsfinansiert aktivitet forstås prosjekter hvor institusjonen henter støtte fra nasjonale og internasjonale finansieringskilder uten at det foreligger krav om motytelse fra institusjonen når avtale om støtte inngås. Med oppdragsfinansiert aktivitet forstås prosjekter institusjonene utfører mot betaling fra ekstern(e) oppdragsgiver(e) når det foreligger et krav om motytelse fra institusjonen når avtale/kontrakt inngås.*

4.4 Satsar

4.4.1 Finansieringskategoriane A-F

Dei ulike utdanningane er fordelte på seks kategoriar, A-F, som har kvar sine satsar. Kunnskapsdepartementet nyttar satsane ved tildeling av midlar til nye studieplassar og i berekninga av resultatbasert utteljing for studiepoeng og uteksaminerte kandidatar.

Satsane representerer ikkje faktiske kostnadar ved eit studium. Dei er grove anslag som kun gjenspeglar ein viss forskjell i kostnadar mellom ulike typar studieprogram. Dei faktiske kostnadane for eit studieprogram varierer mellom ulike studiestadar og institusjonar.

Universiteta og høgskulane treng ikkje å bruke satsane i si interne budsjettering. Departementet nyttar satsane i utarbeidinga av den årlege rammeløyvinga til institusjonane, og deretter står institusjonane fritt til å disponere rammeløyvinga i tråd med eigne vurderingar for å nå sine mål. Kvar institusjon har ansvaret for å fordele midlar til studieprogramma sine, i tråd med eigne behov og prioriteringar, uavhengig av satsane.

4.4.2 Satsar for studieplasstildelingar og for indikatorar med open budsjетtramme

Dersom departementet tildeler midlar til nye studieplassar, trekker tilbake eller flyttar midlar til studieplassar, justerer departementet rammeløyvinga til institusjonen i det aktuelle budsjетåret tilsvarende satsen for den aktuelle utdanninga. Tabellen nedanfor viser satsane for studieplasstildelingar i dei ulike kategoriane. Tabellen viser òg satsane for utteljing for studiepoeng (60-studiepoengseiningar) og uteksaminerte kandidatar som kjem i budsjетåret to år etter rapportert produksjon. Lengda på utdanningane med kandidatutteljing varierer frå eitt til seks år. Departementet gir derfor dobbel sats for kandidatar på integrerte femårige masterprogram og andre utdanningar som har lengde på fem eller seks år.

Det er lagt til grunn ein lågare tilskotssats for utteljing på indikatorane studiepoeng, kandidatar og utveksling for dei private høgskulane Handelshøyskolen BI (30 pst.), Bergen Arkitektshøgskole (70 pst.) og Høyskolen Kristiania (60 pst.).

Satsar for ein tildelt studieplass og resultatbasert utteljing for studiepoeng og kandidatar i 2023 (tal i kroner)

Kategori	Utdanning	Studieplass-tildeling	Resultatbasert utteljing		
			Studiepoeng (60-studiepoengseining)	Kandidat (enkel utteljing)	Kandidat (dobbel utteljing)
A	Kliniske utdanningar o.a.	273 250	149 450	113 550	227 100
B	Utøvande musikkutdanning, arkitektur- og designutdanningar o.a.	206 100	114 600	85 700	171 400
C	Realfag på høgare grads nivå o.a.	140 150	76 450	56 700	113 400
D	Samfunnsvitenskaplege og humanistiske fag på høgare grads nivå, grunnskulelærarutdanning, enkelte kostnadskrevjande helsefag- og faglærarutdanningar, praktiske mediefag	98 400	55 600	42 800	85 600
E	Helsefag-, lærar- og realfagsutdanningar på lågare grads nivå	84 550	45 200	34 700	69 400
F	Teorifag og sosialfaglege utdanningar på lågare grads nivå	70 600	38 200	28 900	57 800

Satsar i resultatbasert utteljing for doktorgradskandidatar, utvekslingsstudentar og utreisande studentar på Erasmus+-program i 2023 (tal i kroner)

Indikator	Satsar
Doktorgradskandidatar	436 600
Utreisande studentar på Erasmus+-program	17 400
Utvekslingsstudentar	11 650

4.4.3 Rammer for indikatorar med lukka budsjetteramme

Utteljinga på indikatorar med lukka budsjetteramme blir berekna ut frå endringa i institusjonen sin del av det samla resultatet i sektoren på indikatoren. Endringa i institusjonen sin prosentdel blir multiplisert med ramma for indikatoren. Dersom alle institusjonane hadde den same prosentvise endringa i resultatata frå eit år til det neste, ville det ikkje vore endra utteljing for nokon. Det inneber at det ikkje er ein fast sats for utteljing per resultateining.

Rammer i resultatbasert utteljing for indikatorar med lukka ramme i 2023 (tal i kroner)

Indikator	Rammer
Publiseringspoeng	655 343 000
Midlar frå EU	594 704 000
Midlar frå Noregs forskingsråd og regionale forskingsfond	356 828 000
Inntekter frå bidrags- og oppdragsfinansiert aktivitet	356 961 000

Publiseringspoeng blir berekna ut frå publiseringsform, kvalitetsnivå og forfattardelar, og skal bidra til ein fagnøytral publiseringsindikator og auka stimulans til samarbeid om vitskapleg publisering nasjonalt og internasjonalt. Tabellen nedanfor viser korleis dei ulike publikasjonsformene blir vekta i to kvalitetsnivå for den enkelte publikasjonsforma. Sjå nettstaden <https://npi.nsd.no/> for meir informasjon om publiseringsindikatoren.

Vitskaplege publikasjonar	Vekt nivå 1	Vekt nivå 2
Artiklar i vitskaplege tidsskrift	1	3
Artiklar i antologiar	0,7	1
Monografiar	5	8

4.5 Datagrunnlag for regelstyrt resultatbasert utteljing 2023

Data som ligg til grunn for resultatbasert utteljing i finansieringssystemet, er i hovudsak henta frå Database for statistikk om høgare utdanning (DBH) ved Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse (HK-dir). Data er kvalitetssikra av institusjonane, HK-dir og Kunnskapsdepartementet. Departementet kan i kvalitetssikringa korrigere einstilte tal etter fristen for rapporteringa. Det kan derfor vere avvik mellom nokre tal knytt til finansieringssystemet og tal i DBH. Dersom det kjem nye endringar i tala, vil departementet vurdere om det er behov for å justere tala og tilhøyrande budsjetteffektar i samband med Revidert nasjonalbudsjett 2023 og statsbudsjettet for 2024.

I berekning av resultatbasert utteljing i 2023 bruker departementet tal for 2021 samanlikna med tal for 2020. Periodiserte rekneskapstal er datagrunnlag for indikatorane for BOA-inntekter og inntekter frå EU, Noregs forskingsråd og regionale forskingsfond. I berekninga av resultatbasert utteljing nyttar departementet faktiske tal, det vil seie ikkje avrunda tal frå datagrunnlaget for alle indikatorane, medan tala i tabellane nedanfor for oversikta sin del er avrunda til næraste heile tal.

4.5.1 Datagrunnlag for indikatorar med open budsjetteffekt

Studiepoengseiningar

60 studiepoeng utgjer ei studiepoengseining.

Datagrunnlag for 2023-utteljing for studiepoeng

Inst.	Tal på 60-studiepoengseiningar i 2021						Endring frå føregåande år					
	A	B	C	D	E	F	A	B	C	D	E	F
NU		90	74	2 328	2 951	1 933		-41	3	147	-132	24
NMBU	411	292	1 395	1 324	953	483	26	-6	130	69	32	-28
NTNU	845	1 187	1 488	14 540	7 233	6 173	-5	133	180	281	-290	97
OM		196	371	4 943	6 723	2 353		-3	34	349	-230	-5
UiA		224	523	2 297	3 275	3 198		24	58	241	71	116
UiB	1 232	1 163	1 037	1 894	4 256	4 755	55	39	76	158	281	105
UiO	1 489	959	1 170	4 208	3 656	6 490	24	17	47	-92	-266	-325
UiS		197	753	2 724	2 391	2 008		-2	-75	379	-358	-68
USN		46	412	2 907	5 418	2 578		-3	5	38	115	-132
UiT	861	557	440	2 708	4 051	3 450	20	14	19	197	102	67
AHO		679						31				

Inst.	Tal på 60-studiepoengseiningar i 2021						Endring frå føregåande år					
	A	B	C	D	E	F	A	B	C	D	E	F
HiM				267	796	978				-36	138	193
NHH				1 711		1 362				157		148
NIH				277	647	2				61	32	-1
NMH	7	515	4	37		10	1	-39	4	8		-2
HINN	201	139	144	1 763	2 721	4 095	-144	-9	-17	57	52	-75
HVL			198	3 840	5 741	1 692			16	352	-12	33
HVO		42		757	1 068	711		7		125	-10	-12
HiØ	24		56	1 042	2 304	1 021	-7		9	-60	-11	-5
SA		2		23	16	43		2		-17	-1	2
BI				2 287		11 002				223		981
MF			9	388		332			-21	-23		-46
VID		1	1	1 026	2 114	563		1		164	29	-23
ATH				14	3	272				-6	3	-7
BAS		161						1				
DMMH				119	935					9	117	-5
FIH				16		177				-4		16
HGUt						27						2
HLT						192						-23
HK		316	206	1 120	1 940	5 263		-18	32	64	268	721
LDH				245	705					49	-5	
NLA		60		685	353	985		5		9	4	-23
STH				31	105	18				-4	2	-7

Kandidatar

For berekning av utteljing for kandidatar i 2023 legg Kunnskapsdepartementet til grunn både rapporterte kandidatar i 2021 og etterrapporterte kandidatar frå 2020.

Etterrapporterte kandidatar inngår i datagrunnlaget for å sikre at eit mest mogleg riktig nivå for tal på kandidatar blir lagt til grunn for budsjettutteljinga. Etterrapporterte kandidatar er personar som har oppnådd ein grad, og som er registrerte i databasen i ettertid. Årsaka til etterrapporteringa er fleire, som for eksempel at vitnemål ikkje er utferda på grunn av ein klagesak, manglande vurdering av utdanning frå ein annan institusjon eller at kandidaten ønsker å forbetre karakterar. Det er sett ei grense for etterrapporteringa på eitt år.

Kandidatar frå studieprogram som får dobbel utteljing i kandidatindikatoren, men som har 180 eller fleire studiepoeng innpassa frå ein annan institusjon, gir berre enkel utteljing. Tabellen nedanfor viser samla datagrunnlag i kandidatindikatoren for statsbudsjettet i 2023, både kandidatar med enkel og kandidatar med dobbel utteljing.

Datagrunnlag for 2023-utteljing for kandidatar

Inst.	Tal på kandidatar med enkel (E.) og dobbel (D.) utteljing, 2021 (inkl. ettterrapporterte i 2020 og kandidatar med delar av graden innpassa frå ein annan institusjon)												Endring frå føregåande år												
	A		B		C		D		E		F		A		B		C		D		E		F		
	E.	D.	E.	D.	E.	D.	E.	D.	E.	D.	E.	D.	E.	D.	E.	D.	E.	D.	E.	D.	E.	D.	E.	D.	
NU			52		24			609	24	958	8	469				1		-5		-247		97	5	43	
NMBU		58		45	354	62		270	135	291		119			-12		9	58	-14	2	6	6		-11	
NTNU	24	115	95	121	981			1 832	1 509	2 316		1 324			-2	11	6	1	59		-130	83	93		71
OM			66		133			1 464		2 020		611				-5		33		-54		2			19
UiA			76		203			572	81	875	1	675				16		4		-77	7	-42	-5	-36	
UiB	2	182	177	125	323	21		682	92	606	282	887		2	-9	23	10	-11	2	112	32	26	-19		
UiO		208	13	169	491			1 504	221	729	416	1 456			-25	-1	31	3		-148	45	38	-78	7	
UiS			38		399			747	58	825	9	487				-16		87		-160	26	95	-1	-58	
USN			16		169			881	19	1 557	5	604				-8		-5		-206	8	148	-5	17	
UiT	11	121	96	55	185			579	160	942	120	631		1	-12	1	17	-12		11	21	-30	-15	44	
AHO			40	93												-17	20								
HiM								114		173		142								4		-46		-13	
NHH								875				389								137				-54	
NIH								141		183										12		43			
NMH	2		166					33								-4				5					
HINN	50		51		60			452	11	727		1026			-69		10		10		-129	2	25		87
HVL					61			983		1 655		453						27		-337		-14		33	
HVO			10					169		322		90				1				-17		22		-6	
HiØ					15			274		704		267			-9					-101		96		23	
SA								6	3	3		3								1	-4	-7		-1	
BI								1 034				2 692								-23				9	
MF					8	13		57	19			67						1	5	-3	-6			7	
VID								263	3	594		129						-3		18		-42		-19	

Inst.	Tal på kandidatar med enkel (E.) og dobbel (D.) utteljing, 2021 (inkl. etterrapporterte i 2020 og kandidatar med delar av graden innpassa frå ein annan institusjon)												Endring frå føregåande år												
	A		B		C		D		E		F		A		B		C		D		E		F		
	E.	D.	E.	D.	E.	D.	E.	D.	E.	D.	E.	D.	E.	D.	E.	D.	E.	D.	E.	D.	E.	D.	E.	D.	
ATH							6				66												14		
BAS				38											-11	16									
DMMH							55		259									6		-19					
FIH							9				11							-1					-2		
HGUt											8												4		
HLT											55												9		
HK			93		81		287		420		1 095				4		29	-40		91		244			
